

## Vedlegg til søknad til Hordaland fylkeskommune om tilskot til formidlingsprosjekt i regi av Fjordabaatane.

### Tilskotsordning Kultur - amatør

#### PROSJEKTMÅL

Laga ein dokumentarfilm som fortel rutebåtane si historie i perioden 1860-1960 og kva rutebåtane hadde å seia for folk og samfunnsutvikling i ruteområda.

#### PROSJEKTFASAR

##### Forstudie:

Riksantikvar Jørn Holme har uttala om kulturminne: ".....Kulturminner er som tomme hylstre uten historiene. Historiene om oss, historiene om menneskene i tilknytning til husmannsplassen, maskinanlegget eller fartøyet, må fortelles sammen."

Gjennom mange år med restaurering og drift av veteranbåtar, som har vore rutebåtar i Hordaland, har me fått engasjerte spørsmål frå folk om nett det tema som riksantikvaren er inne på. Det tek me som prov på at ideen om å laga ein dokumentarfilm om tema er rett.

##### Forprosjekt:

Mål: Utvikla manus for filmproduksjon, her under:

- Finna ut kva som er tilgjengeleg av historisk materiale som kan inngå i produksjonen av:
  - Bilete
  - Film
  - Tekst
- Kva finnast av levande kjelder/intervjuobjekt:
  - Eldre personar
  - Sogelagsfolk
  - Ressurspersonar på musea
  - Andre fagpersonar
- Finna høvelege stader for supplerande filmopptak:
  - Kaiar i rutedistriktet Bergen – Sunnhordland/Hardanger
  - Bergen hamn – «senter for verdas største sjøbårne kommunikasjonssystem knytt til 350 kaiar i ruteområda»
- Etablere prosjektorganisasjon
  - Styret i Fjordabaatane er aktuell som referansegruppe
  - Prosjektgruppa for «Formidlingsprosjektet» er aktuell som prosjektgruppe med nødvendig supplering av andre fag-/ressurspersonar
  - Kartleggja og inngå avtale med kommunikasjonsbyrå som kan førestå filmproduksjonen og ferdigstill dokumentaren
- Plan og budsjett
  - Setja opp plan og budsjett for hovudprosjektet
  - Søkja økonomiske midlar frå offentleg og privat hald

**Referansar:**

Prosjektgruppa for «Formidlingsprosjektet» har følgjande samansetjing:  
Harald Sætre, Dag Bakka jr. og Harald Kvinge.

Prosjektgruppa har følgjande å visa til av tiltak med D/S Stord I som pilot:

Velkomstfaldar til reisande og besøkjande om bord i D/S Stord I.

Fotoserie som vert vist på skjermar om bord i D/S Stord I med innhald om skipet si historie frå 1913 til 2013. Sydvest kommunikasjonsbyrå, Stord, har produsert serien.

Informasjonsplakat for D/S Stord I som er utvikla saman med Kulturavdelinga til Hordaland fylkeskommune.